



Møte med KUD 20022020

I 2019 skapte hardingfela.no over 6000 møter med folkemusikk og folkedans.

Små born fekk syngje, danse, møta folkemusikkinstrument og læra om vår kulturarv, ungdommar vart grepne av folkedansen og ynskjer å læra seg meir, Bygda dansar vart lagt til Hordaland, vaksne hardingfelespelarar og kvedarar fekk fordjupa seg i spelet og songen, det friviljuge folkedansmiljøet fekk møteplassar og fagleg påfyll, talentfulle ungdommar fekk sommarjobbar som spelemenn og holdt over 200 konserter i museumstuna i Hardanger og på Voss, andre regionar spør om hjelp til å koma i gang med liknande prosjekt som hardingfela.no driv på med.

Alt dette og mykje meir klarte hardingfela.no å få til i 2019. Med små økonomiske ressursar, men med stort nettverk og store mennesklege og faglege ressursar som er bygd opp gjennom 5 års drift av hardingfela.no





Eigarane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet er klare til å gå vidare med hardingfela.no, men den økonomiske slitasjen på institusjonane er merkbar. 2020 vert eit avgjerande år for framtida til hardingfela.no :

- Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet bidreg med kr. 500 000 til saman årleg. Attåt monalege personalressursar, kontor m.m.
- Vestland fylkeskommune bidreg med kr. 300 000 årleg i driftsmidlar.
- Desse bidraga dekkjer 80 % prosjektkoordinatorstilling og ein del av underprosjekta til hardingfela.no
- All anna aktivitet og prosjekt må dekkjast av ulike tilskot.

Ved hjelp av KUP-midlar frå Hordaland Fylkeskommune så har hardingfela.no hatt ei stor folkedanssatsing i 4 år som har lagt grunnen for den nasjonale satsinga «Bygda dansar» eigd av senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim. Prosjektleiaren for folkedanssatsinga har gjort ein kjempegod jobb, men ved utgangen av 2019 så tok KUP-prosjektet slutt, og Hordaland fylkeskommune har ikkje gjeve meir i driftsmidlar førebels.

2 tilsette i hardingfela.no ser ut til å verta skore ned til 1, og det vert ei nedskalering av hardingfela.no i staden for at me faktisk har kome dit der me kan ta ei endå meir sentral rolle i Vestland og i Noreg.

Strategisk plan for Hardingfela.no 2020-2022

Hardingfela.no set fokuset på hardingfela som instrument og musikken, dansen, miljøet og historikken knytt til instrumentet. Eit grundig førrearbeid gjennom fleire år initierte ei samarbeidsavtale mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum i 2015 om å eige satsinga hardingfela.no saman. Spel- og dansarlag som t.d. Hardanger spelemannslag og Voss spelemannslag, kulturskular og andre ressurspersonar er viktige i satsinga.

Hovudmål 2020-2022:

- Rekruttering og tradering innan folkedans, folkemusikk og felemaking
- Formidling av, og skapa auka interesse for folkedans, folkemusikk og felemaking.

Spesiell målgruppe 2020-2022: Born og unge under 25 år.

Geografisk nedslagsfelt 2020-2022: Vestland fylke. Utvikla tettare samarbeid med den nordlege delen av fylket. Samstundes ha god kontakt og dele informasjon og kunnskap med folkemusikk – og folkedansmiljøet ellers i Noreg.

Organisasjon: Utvikla og bestemma ein organisasjonsform som gavnar hardingfela.no

Stillingar: pr. 31.12.2019: 130 % stilling. Mål 2022: 300 %.

Tiltak 2020-2022:



Vidareføra og utvikla **UngOsa**. Storkurs for born og unge under Osafestivalen. 5. gong i 2020.



Arrangera **årleg seminar** for instruktørar og kulturskulelærarar innan folkemusikk og folkedans. Tema 2020: Undervise små born




Vidareføra, utvikla og spreie kunnskap om **Nøringen**. Kulturskuletilbod for 4-6 åringer med kulturarv som hovedtema og folkemusikk og folkedans som den raude tråden.



Gjennomføra **Morgondagens felemakerar** saman med felemakarverkstaden på Voss. 6 ungdommar mellom 11-22 år skal hospitera på felemakarverkstaden på Ole Bull akademiet i 3 år og på den tida byggja seg si eiga fele.

Jobba for at felemaking står på programmet ved høvelege arrangement hjå Ole Bull Akademiet, Hardanger og Voss musem og andre samarbeidspartar.

Vera samarbeidspart for **nettverkssamlingar for felemakarar** i dag



Sjå på mogelegheitene for å vidareføre og utvikle **Master Class Hardanger**, t.d. samarbeid med Griegakademiet i høve talentutvikling, fordjuping innan folkedans, Master Class Folkedans o.l.

Vera med i **ressursgruppa for Bygda dansar** i Hordaland og støtta opp om Bygda Dansar. Vidareføring og vidareutvikling av **Folkedanssalong** og **Oldefars Dansemoves**, m.a. på dei ulike museumsavdelingane Oppfylging **av samarbeidsprosjekt** som er satt i gang innan folkedans

Vidareføra og utvikla "Felefylgje", **folkemusikk og folkedans i museumstuna**. Spele-og danseoppdrag for unge og lovande, samt profesjonelle folkemusikkarar-og dansarar.

Delta i utvikling av **ny folkemusikkutstilling** ved Hardanger Folkemuseum på Utne

